Generalutskrift 27. mai 1961

År 1961 den 24. mai vart det halde møte i Lavik kommunestyre.
Møtet vart halde i kommunehuset.
Møtet var innkalla i samsvar med § 11 i kommunestyrelova.

Desse var fråverande: Anders Avedal, Kåre Strandos, Martin Hjelmeland, Kåre Aven, Paul O. Torvund, John Norevik, Olav Tjønnås og Anders O. Torvund.

Ordføraren gav ut innkalling av 19. mai 1961. Ingen hadde merknad og gjere, og ordføraren sa frå at møtet var lovleg sett.

Der var førehatt:

33/61 Referat:

a: Fylkesmannen si godkjenning og merknader til vedtaka i kommunestyremøte den 8. april 1961.

b. Brev av 20. april 1961 frå fylkesskulestyret med melding om at skuledirektøren og fylkesskulestyret har godkjendt at namnet på Eikefjord skulekrins vert brigda til Skjefjord.

c. Skriv av 17. april 1961 frå fylkeslandbrukssjefen om at vegansl. Synk i Nordstrandsvatnet – Gudmundsos har fått tilsagn om kr. 20.000,- i statstilskot, og veganl. Veg til Bang har fått tilsagn om kr. 25.000.-.

d. Skriv av 27. mars 1961 frå Sosialdepartementet om påbod om skjermbilledfotografering og tuberkulinprøving i Sogn og Fjordane fylke i 1961-63.
Det opplesne vart oedlagt møteboka.

34/61 Tannklinikken - finansieringsplan.

Sendt 27/5- f.mannen

Samr. vedtak:

Samla byggekostnad kr. 160.000.- vert å dekka såleis:

| | |
|---|---|
| Avsette midlar til bygget: | kr. 36.640.98 |
| Lån i bankar | " 100.000.- |
| Av ubrukte løyvingar | " 12.000.- |
| Av kontantmidelen | " 11.359.02 |
| | kr. 160.000.- |

Lån av kontantmidelen skal førast attende over budsjettet for 1962.

35/61 Tannklinikken - Tilbod på betongarbeid.

Sendt 27/5- byggenemnda

Det var innkome eit tilbod, og arkitekten har råda til at det vert godteke.

Samr. vedtak:

Betongarbeidet vert overlate til Elias Tjønnås og Norvald Nygård for kr. 7.937.-, då er omsetnadsavgift ikkje medrekna.

Arbeidet skal utførast i samsvar med oppsett beskrivelse.

36/61. Vegparsell Tredal - Bukke grense. Søknad om forskotering.

Sendt 27/5- vegsjefen. Bukke f.mske

~~Vidtak med 7 mot 2 røyster~~:
Frå ein del oppsitjarar i Kijefjord førelåg søknad om forskottering på kr. 100.000.- for å kome i gang med arbeid på vegparsell Tredal - Bukke grense.
Vidtak med 7 mot 2 røyster:
Kommunestyret er fullt klår over den verdi vegsambandet Tredal - Oppedal vil få, men kommunen kan førebils ikkje gå inn i ei slik forskottering som nemnt.
Derimot vil ein søkje om å få vegparsell Tredal - Bukke grense opp til ordinær løyving frå 1962.
For å klårlegge ei eventuell forskottering seinare, bør det snarast verta eit sammøte millom formannskapa i Lavik og Bukke.

Mindretalet røysta for dette framlegget:
Kommunestyret er fullt klår over den store verdi det har for sørsida av kommunen at denne vegen vert bygd. Då Bukke kommune skal byggja ein del av denne vegen, og etter vedtak i Bukke kommunestyre, må spørsmålet om forskottering handsamast på sammøte i Lavik og Bukke formannskap.
I mellomtida vert ordføraren pålagt å søkje om å få ordinære løyvingar til veganlegget frå 1962.

No møtte Anders O. Torsund.

37/61. Skriv frå tannröktnemnda vedk. slyss for det
Gerutskr. 3/6 frie klientel.
Sv. Roald. Tannröktnemnda har i brev av 16. april 1961 sendt
førespurnad om kommunen vil betale slyssutgifter
til og frå tannklinikken for born under og over
folkeskolealder i Lavik.
Samr. vedtak:
Kommunen tek alle slyssutgifter for det frie
klientel.

38/61 Reinhald og tilsyn med kommunehuset.
Gerutskr. 3/6 Arbeidet har vore utlyst og til den fastsette
J. Varholm frist var det innkome 2 søknader.
Samr. vedtak:
Reinhald og turvande tilsyn med kommune-
huset vert overlate til Johanna Varholm.
Som tidlegare fastsett vert godtgjersle inn til
vidare kr. 1.500,- årleg.
Instruks for arbeidet skal oppsetjast.

39/61. Utleige av husvære i kommunehuset.
Samr. vedtak:
Saka vert utsett.

40/61. Elektrisk oppvarming av legehus.
Gerutskr. 27/5 Til elektrisk oppvarming av legehus er avsett
Soknerådet kr. 5.000,-.
Soknerådet har i brev av 22. april 1961
sagt frå at dei rår over eit par summar

slik at finansieringa skulle vera i orden.
Samr. vedtak:
Av avsette midlar vert løyvt kr. 5.000,- til elektrisk oppvarming av kyrkja. Sokneradet får fullmakt til å setja arbeidet i gang.

41/61 Søknad frå [redacted] om forskottering til
Send.utsk. 3/6 gardsveg.
søkjaren Søknad frå [redacted] om forskottering til gardsveg vart attgjeven.
Samr. vedtak:
Søknaden kan førebels ikkje stettast.

42/61. Søknad om tilleggsgodtgjersle for folketeljinga.
Tilv. 7/6-61 Frå teljarane ved folketeljinga 1960 førelåg søknad om 50 % tillegg av den godtgjersle som staten ytte for dette arbeidet.
Samr. vedtak:
Av H.K. XIV. A.1.a vert løyvt kr. 227,03.

43/61. Val på 1. medlem i tilflyttingsnemnda.
Send.utsk. 3/6 Medlem av tilflyttingsnemnda Olav Bundsdal er
S. Sivil.f.kontr. flytta frå kommunen. Som nytt medlem vart
og den valde samr. vald Leiv Sørebø.

44/61. Val på 1. medlem i innkvarteringsnemnda.
Send.utsk. 3/6 Som nytt medlem i innkvarteringsnemnda
S. Sivil.f.kontr. for Lavik sokn, istaden for Olav Bundsdal, vart
og den valde samr. vald Leiv J. Hellebø.

√ 45/61. Trygd for fri grunn og arbeidsyting – Telefon-
Skriv. 27/5- linje Lavik – Bosdal.
f.mannen. I brev av 28. april 1961 frå distriktssjefen i
8/6. Telegrafverket er det sagt frå at bilinje
Telegrafv. Lavik – Bosdal skal byggjast. Og i det høve er
det bede om kommunetrygd for:
1. Fri grunn og rett til fri skogrydding for linja, og rett til å bygge skogstelefonlinje om dette passar for Telegrafverket.
2. Dei interesserte må ta del i arbeidet og til kvar tid stille så mange mann til vedlikehald som passar for drifta av anlegget.

Samr. vedtak:

Lavik kommune gjev slik trygd som nemnt mot undertrygd av dei interesserte.

46/61 Rekneskapen 2. halvår 1960.

Rekneskapen synte eit overskot på kr. 15.321,79.

Revisjonsprotokoll for 2. halvår 1960 vart attgjeven.

Samr. vedtak.

Rekneskapen for 2. halvår 1960 vart godkjend.

Møtet slutt.

Møteboka opplesen.

Einar Lavik  Leib Instefjord  Karl Hellebø